

Andreas Agdestein I Sudrage.

Adjutant Berg og hans brordatter Ester er paa Sviland i ferien. Der lærer hun Svale at kjende, og ung, livsfrisk Og smuk som hun er har hun stundom en stor magt over Svale som ogsaa er ung.

Men det er dog ikke Ester som leiker mest i hugen hans Svale. Nei, det er barndomskameraten hans, Sigvor, datter til fabrikerier Teodor Aas. Og Svale betyr ogsaa meget for Sigvor. Han har fra barnsben av været bendes helt. Naar hun drømte stort var alltid Svale den første og største. Men saa har Sigvor været i byen en tid og der har hun lært en anden ung mand at kjende og ham har hun i al hemmelighet forlovet sig med. Derfor gir hun Svale nei, da han en dag ber hende bli sin. Fra den dag har Ester Berg Svale for sig. selv.

Men den mand som Sigvor er forlovet med er et daarligt individ. Og en dag begaar han en forbrydelse som fører til et brudd. Men fra den tid er det Svale som igjen er i Sigvors tanker.

Forfatteren fortæller saa hvorledes det videre gaar, om hvorledes baade Ester og Sigvor kjemper for at vinde Svale, og om hvem av disse to tilslut faar ham. I "Sudrage" er en god bok — en bok som jeg paa det bedste vil anbefalle. J.R

„Alles Vel" nr 34 -5/12-13

Andreas Agdestein: „I sudraget".

Det er underlegt, kor mange landsmaalsdiktarar skyt fram no, daa maalet liksom, er løyst ut or den gamle vanvyrdnaden. Dei sprett fram den eine etter den andre liksom vaarblomar. Og dei skriva maalet lett og lidugt, som dei hadde voret vane med det i lange tider. Detta er iminste tilfellet med Andreas Agdestein. Eg veit inkje, nm han heve givet ut nokor bok fyrr; men eg heve inkje leset andre. Her i „sudraget" heve han sankat ihop ei heil rad med folk av ymse slag: bondeguten, som let seg draga ned i kvervelen av den kjappe og paagaaendes bygjenta, den gamle "besta" som gjeng og stullar i i heimen og berre tenkjer paa aa gjera det vel fyre alle, som kjem dit, og som med sorg ser heimen glida yver i henderna paa Per Bøen, som lurar paa aa faa kniptaket paa Sviland; ranglefantan og frasemakaren Petter Bønnesen, som er flinke til aa bruka kjeft paa arbeidarmøti og eggja arbeidarane upp til streik men som stryk sin kos, naar han fyrst heve fenget fabrikkfolket til aa gaa fraa arbeidet, det raa fyllet der i skogen hjaa øl- og brennevinsgauken. Stakkars Sigvor som trur paa denne storprataren, til ho open-dagar, at han er den største skarv, den toluge og stilfærdige bonden og fabrikeriegaren paa Aas og mange andre. Det eg minst likar og trur paa i boki, er skildringi av

den kvelden, daa Svale og bygjenta Ester gløyma seg og koma i ulukka. Svale er hjertesjuk, av di han heve mist trui pa aa kunne faa barndomsvennen sin Sigvor. Han. drikk seg full, reint vill og galen, so han hiv sine egne arbeidstarvende inn i smaaskogen og hujer i villan sky. I dette tilstand bryt han seg inn i sengeromet til Ester, som er um aa leggja seg, sit og rolsar um laust og fast. Men at Ester, istaden fyre aa faa honom paa dør, naar ho ser han er full og stinkar brennevin, finn fram konjak og sit og skaalar med honom, til dei øsa seg upp til vill tråa og gløyma seg — det trur eg inkje paa. Ho, bygjenta, vilde helder voret rædd honom og styggjast. Eg vilde, og høyra meir um, kor livskræmd Ester maatte vera, naar ho merkar, at ho er med barn. Men nei, ho tek det som fot i hose. At ho kunde verte ei dugeleg husmor paa ein bondegård og bringa lukke heim til Svale, trur eg inkje rett paa. Men skildringarne er livfulle og isprengde med vakre naturbilæte. Er detta den første freistnaden av Agdestein er han lovande.

Kristofer Janson

„Dölen" 15/12 -13

Andres Agdestein „I Sudrage"

Erik Gunleiksons forlag.

„I Sudrage" er ei forteljing som i rikt fargeskifte skildrar livskrefterne som leikar seg med oss menneskje.

Me ser her korleis vandskarne byggjer seg upp den eine, sterkare en den andre, og kor lite marnnaviljen i røyndi magtar naar det rett knip um. I dei store stunder naar det gjeld liv og lagnad, daa er me ofte ikkje anna enn drivande vrak sudraget trekkjer til og fraa. Soleis formar gjerne livet seg ikring oss og soleis er det gjerne ogso med det liv og dei krefter me hyser vaar eigen barm.

Dei bryt paa til ymse kantar og gjerér det uroleg og tvilande der det skulde, vera sterkt og viljefast.

Jamvel den sterkaste magt som mannalivet kjenner - kjærleiken millom mann og kvinna kann i visse høve mergstele oss naar me ikkje med vart auga og gode augo fylgjer den røysti som peikar ut den rette for oss. Det fekk Solvje Sviland kjenna.

Boki er skrivi i eit reint og formfullt maal, og forfattaren hev magte aa hjera henne spanande. M.

„Vestfold" nr 291 17/12 -13